

Send oss 17.mai-bilete.

14.05.2015



Fire kjekke born kosar seg på skuleområdet i 2008.

Uskedalen.no ønsker å laga ein biletserie frå 17.mai i Uskedalen 2015. Den vil bli lagt under **BILETGALLERI** i venstre kolonne, og den vil truleg vera til glede for lesarane både no og seinare år. Med dagens utstyr vert det fotografert meir enn nokon gong, og det er enkelt å få sendt det vidare så vi håpar på svært god respons.

Det er vel ingen dag i året det vert teke så mange fine bilete her i landet som på nasjonaldagen. Bunader, flagg, blomstrande tre og buskar, grønande marker og snødekte toppar er noko av det som rammar inn desse bileta.

Vi håpar som sagt, at mange sender inn, og har sett følgjande punkt som må oppfyllest av innsendar:

- Namn på dei som er avbilda (gjeld ikkje oversiktsbilete).
- Namn på fotograf.
- Bileta skal sendast til uskedal.utvikling@knett.no
- UU står fritt til å velja ut kva bilete som skal på nett.

Vi ønsker alle ein flott nasjonaldag, og håpar de sender oss mange gode bilete.



[Victoria, Lars Andres, Bente og Tone Helen les O. A. Gausvik sitt dikt ved Bautasteinen i 2008](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.